

Utskrift av møtebok for Lindås helseråd den 6. april 1976.

75/76.


Klage frå Anton Åse vedk. forurensing av brønnen frå tomten til Terje Tofting.


samr. vedtak:

Då byggjeløyve vart gjeve for bygging på tomten, sette helserådet som vilkår at det ikkje måtte nyttast naturgjødsel på tomten. For skuld at tomten utgjer ein vesentleg del av nedslagsfeltet til Anton Åse sin brønn, vil helserådet måtte koma med ytterlegare restriksjonar i bruken av tomten:

Parkering av motorkøyrety må berre føregå på den del av parsellen som ligg utanfor ei rett line trekt langs austfasaden på våningshuset. Helserådet vil ikkje forby bruk av motordrevne køyrety på andre delen av tomten t.d. under opparbeiding av parsellen.

LINDÅS HELSERÅD, den 30. april 1976.


Johs. A. Övretveit
helserådsordförar


Erling Bergås
sekr.